

Pressemelding

Kulturskule-cd til inntekt for UNICEF

VINJE: Vinje kulturskule har no
spela inn ein CD som skal
seljast til inntekt for tv-
aksjonen og UNICEF i 2017.



Eit utval av elevane i Vinje kulturskule står bak musikken, med eigne songar, tradisjonsstoff og cover-låtar. Dette er den andre skiva dei gjev ut, og det skal ha vore utruleg inspirerande både for lærarar og elevar å vere med på prosjektet.

Men aller viktigast skal ha vore at elevane gjennom kunst og kultur kan bidra til tv-aksjonen, som skal gje skulegang og håp til barn og unge i område som er prega av krig og konflikt. Laurdag 21. oktober kl. 18.00 blir det sleppfest på Vinjehuset i Åmot.

